

27

SALE

Flere enn før vil ha
norsk i reklame

s. 10

SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

39. ÅRGANG 1/2011

- Bertrand Besigye om språkglede, s. 6
- Mållova, s. 14
- Nyord i norsk 1977–2010, s. 24
- Finisj eller finish?, s. 27

Språkrådet



Norsk svorsk

«Aftenpostens musikkmeldar trudde fyrst me song på skånedialekt», sa vokalisten i det norske bandet Kaizers Orchestra, Janove Ottesen, jærbuen som syng norsken sin på europeiske scenar – med stort hell. Skavlan introduserte han nyleg for eit svensk tv-publikum med desse orda: «Han snakker et helt uforståelig norsk.» Sjølv fekk Skavlan før jul Foreningen Nordens språkpris. I takketalen skryt-te han absolutt ikkje av svorsken han brukar i studio. Så var det ikkje «god språkføring» han fekk pris for heller! Skavlan fekk prisen fordi han set saman nordiske gjester i studio og lét dei snakke morsmålet sitt. Dette er ei svært god gjerning for språkfelles-skapet i Norden. Svorsken er berre eit produkt av kommunikasjonssituasjo-nen i studio, skal me tru Skavlan.

– Folk i Noreg er ikkje så glade i å snakke norsk, seier Bertrand Besigye i intervjuet i Språknytt, og meiner at nordmenn svorskar, medan svens-kane held på svensk, og at dette også handlar om språkleg sjølvtillit.

– Det verkar som om nordmenn hel-ler vil tale eit anna språk, til skilnad frå franskmenn, italienarar og tyska-rar, som elsker språket sitt, seier Besigye.

– Svenskane trur dei forstår norsk når dei av og til høyrer svenske ord blanda inn i norsken, seier Skavlan. Då er det ikkje så farleg om det er eit uforståeleg eller forståeleg ord som blir bytt ut. Han får det til å høyrast ut som om noko av språkførståinga også handlar om psykologi og innstilling. Og det gjer det nok, òg.

Silje Marie Femtegjeld analyserer svorsken til Fredrik Skavlan i dette nummeret av Språknytt. Teoriar om språkleg tilpassing tek utgangspunkt i at talaren har eit føremål med tilpas-singa («knotet»). Kva vil talaren opp-nå? Kven vil talaren tekkjast? Kva er tilhøvet mellom talarane? Ein kunne også lagt til at tilhøvet mellom språka til dei ulike talarane er viktig.

Silje Marie Femtegjeld

INNHold 1/2011

AKTUELT

- 6 Intervjuet
- 10 Motviljen mot engelsk i reklame og markedsføring øker kraftig
- 14 Mållova
- 17 Språkbrukeren

INNSIKT

- 18 Skrivning – lyst og pine?
- 24 Nyord i Språknytt i perioden 1977–2010
- 27 Finisj eller finish? – Norvagisering femten år etter normeringsvedtaket
- 30 NS-ISO 704 – terminologistandardisering på norsk
- 31 Veksling mellom norsk og svensk i Skavlan



Har du et spørsmål som du vil at vi skal ta opp i denne spalten, kan du sende oss en e-post. Vi svarer på fire–fem spørsmål i hvert nummer. Adressen er: sporsmal@sprakradet.no. Skriv «Leserspørsmål» i emnefeltet.

Spørsmål: For tida les eg *Moby Dick*, og eg har eit spørsmål om ordet *kval*. På nynorsk skriv vi jo *kval* med *kv*. Kva er årsaka til det? I ordlista på nettet ser eg at ordet stammar frå norrønt *hvalr*. På engelsk heiter det jo *whale*, på islandsk *hvalur* og på tysk *Wal*. Det er altså denne *k*-en som forvirrar meg.

Svar: Forklaringa er at uttalen av gammalnorsk *hv*- utvikla seg ulikt i dialektane da dei festa seg i mellomalderen. I vest og nord vart uttalen /kv-/, i aust /v-/.

I nynorsk har ein valt å ikkje vidareføre dei gammalnorske skrivemåtane med *hv*-, men lagt nyare tale-mål i vest og nord til grunn. Derfor heiter det ikkje berre *kval*, men også *kva*, *kvit*, *kvile* osv. (som eineformer). I bokmål er det litt meir komplisert, for her kan ein i nokre ord velje mellom skrivemåtar med *hv*- og *kv*- (som i *hval* eller *kval*), medan ein i andre ord må skrive *hv*- (som i *hvem*, *hva*, *hvor*).

Skrivemåtane med *hv*- i moderne bokmål stammar frå skriftradisjonen i dansk (men samsvarer altså med gammalnorsk). Uttalen er likevel alltid med /v-/, som i austlandske dialektar og i dansk og svensk.

Spørsmål: Er det korrekt å bruke komma eller spørsmålstegn i denne setningen, eller er det valgfritt?

- Kanskje en av vaktene har sett ham? spurte Bruno.
- Kanskje en av vaktene har sett ham, spurte Bruno.

Svar: Det som står før *spurte* i den setningen du spør om, kan ses på på to måter: både som et spørsmål og som en litt «løsere» bemerkning. Setningen kan altså uttales både med spørsmålstonefall og uten, så begge alternativene dine må anses som riktige. Vi råder deg til å sette tegn i samsvar med hvordan du vil uttale setningen.

Spørsmål: I norsk tekst virker det som om *Göteborg* og *Malmö* skrives ganske vilkårlig med norsk *ø* eller svensk *ö*. Finnes det egentlig noen regel?

Svar: Regelen er at når en skriver svenske stedsnavn i en norsk tekst, skal en bruke de svenske bokstavene *ö* og *ä*. Det riktige er altså *Göteborg*, *Malmö*, *Gävle* osv.

Spørsmål: Jeg lurer på hvorfor vi bruker preteritum i en del utsagn der det dreier seg om en handling eller situasjon i nåtid/presens. For eksempel sitter vi og spiser og sier: «Dette var godt! Dette smakte godt!» Eller: «Her var det kjedelig! Her var det livlig! Her var det godt å være! Det var godt å høre! Det var trist!» Og til sist: «Så fin du var! Den (kjolen) var fin.»

Svar: Dette var(!) et interessant spørsmål! Vi bruker nok alle preteritum på denne måten uten å tenke over det.

Ifølge *Norsk referansegrammatikk* (Universitetsforlaget 1997) brukes preteritum på denne måten i «emotive», dvs. følelsesladede, utsagn: «For at preteritum skal kunne brukes i slike utsagn, må det dreie seg om en umiddelbar emotiv reaksjon på noe som faktisk finner sted. Det vil for eksempel være umulig å bruke preteritum dersom det dreier seg om en mer nøytral vurdering: *Det var viktig at du kommer hit.*»

Videre står det at presens kan forekomme i slike emotive utsagn, men at de da gjerne har en litt annen betydning. Både ytringen *Det er et nydelig bilde!* og *Det var et nydelig bilde!* kan være umiddelbare reaksjoner på et bilde en står og ser på. Men presensformen rommer en mulighet for en generell karakteristik som preteritumsformen mangler, og er derfor mindre vanlig i slike utsagn. I det første tilfellet kan utsagnet også gjelde et bilde en har sett tidligere, mens det i det siste tilfellet dreier seg om en førstegangsopplevelse av bildet.

Spørsmål: Jeg lurer på når det er riktig å skrive *samt*. Noen ganger er jeg i tvil om det er best å skrive *og* eller *samt*. Finnes det regler?

Svar: *Samt* betyr egentlig 'og dessuten', 'og i tillegg'. *Samt* passer derfor best når en vil avslutte en oppregning, antyde en slags oppsummering e.l.

I dag brukes *samt* mye der en heller burde nøyd seg med *og*. *Samt* passer best der det er nevnt flere eller mange ting, ikke bare to eller tre ting. Tenk over hva som best dekker den meningen du vil ha fram, når du er i tvil.

Spørsmål: Korleis bøyer ein *synast* i imperativ?

Svar: Det er ikkje alle -st-verb som det er naturleg å bruka i imperativ. Men nokre av dei høver i «påbodsforma», og i så fall er det infinitivformen ein bruker, til dømes «Hjelpast åt, ungar!», «Følgjast på stigen!» og «Synast vel om dei du møter!».

Spørsmål: Jeg lurer på hva som egentlig forstås med å «gå i sitt 20. år». Er det året fra man har fylt 20 og til man fyller 21, eller fra 19 til fylte 20? Jeg regner med at man her ikke regner i kalenderår.

Svar: Når du går i ditt 20. år, er du på vei til å fylle det året, altså er du 19 og skal fylle 20.

Når et ord er ført opp i denne spalten, betyr det bare at vi har registrert at det er i bruk. Det betyr ikke at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi tilrår eller rår fra å bruke ordet, vil vi nevne det uttrykkelig.

banansvenske – En «banansvenske» er en svenske som kommer til Norge på grunn av høy arbeidsledighet i Sverige, og som tar jobber nordmenn ikke vil ha, forklarte Johansson til ambassadør Hjelt af Trolle, før han serverte henne nettopp bananer. – Jeg tror ikke jeg skal skrelle dem, det blir litt useriøst, sa ambassadøren.

Dagbladet.no 10.2.2011

betalingsmur For VG Multimedia blir det åpenbart svært viktig å opprettholde annonsene. Men på et eller annet vis må vi få til brukerbetaling, tror jeg. Det skal ikke skje med en betalingsmur. På det digitale feltet vil det i stedet bli en myriade av inntektsstrømmer.

Aftenposten 21.1.2011

fakkelasjonist/-aktivist Fakkelasjonistene i Arendal har kunnet innkassere noen viktige seire den senere tid. Det kan komme til å koste Sørlandet sykehus dyrt. [...] Fakkelasjonistene har innkassert sine seire. Men hvem blir taperen? Ikke minst indremedisin.

Pål Friis i Agderposten 15.12.2010

mikrofonstilist Blant lyttere i Norge ble hans enkle språk og følsomme intonasjon sagt å ha en oppmuntrende virkning. For kolleger, norske som britiske, var det tydelig at man her stod overfor en betydelig mikrofonstilist.

Hans Fredrik Dahl om Hartvig Kiran i Norsk biografisk leksikon

padde (nettbrettet iPad) En padde skal redde våre media. Men alle vet at du må kysse mange frosker før du finner en prins. [...] Ifølge ryktene ser padde-VG lekker ut [...]. Framtida blir minst like differensiert, eller splintret, som vår oppmerksomhet og våre tilbud er i dag. Spill vil ta mye av padde-tida, det samme vil video.

Andreas Wiese i Dagbladet 27.11.2010

papegøyokrati En nyskaping i norske sykehus er programkontoret, hvor svært mye bestemmes i praksis. Når en sak er «på plan», betyr det på vanlig norsk at den er i rute. Vi bombarderes med «gode dialoger» og «sterke forankringer» mens følelsen av avmakt øker. «Redesign» er nå blitt et standarduttrykk. Nye, uklare og mye brukte begreper skaper avstand. En sykepleier sa: «Vi lever i et papegøyokrati.»

Tidsskrift for Den norske legeforening 4.11.2010 (nr. 21)

ventesorg Har du hørt om ordet «ventesorg»? Vi som organisasjon har tatt i bruk dette ordet og definert det i vårt møte med det å jobbe med barn og familier med alvorlige og livstruende sykdommer. [...] Ordet dekker innholdet i situasjonen som mange befinner seg i når barnet, eller noen som står en nær, går inn i livets slutfase pga. alvorlig sykdom eller alderdom.

Natasha Pedersen, leder for JA til lindrende enhet og omsorg for barn, i Fædrelandsvennen 15.4.2010



Gift med det norske språket

■ TEKST: MAGNHILD BRUHEIM

Eit folk som ikkje elsker sitt eige språk, kjem til å misse språket. Det seier poeten Bertrand Besigye. Nordmenn elsker ikkje språket sitt, meiner han. Derfor står vi i fare for å sleppe det frå oss.

For Bertrand Besigye betyr det norske språket alt. Han bruker tida og lidenskapen sin til å utforske og fornye språket og utvide grensene for det. Det har han gjort sidan han debuterte med diktsam-

linga «Og du dør så langsomt at du tror du lever» i 1993. Ja, han kallar seg til og med «gift med det norske språket».

- For meg har arbeidet med språket overskygd ein del av det som er vanlege

sosiale ritual, slik som å gifte seg og få barn, seier han.

Svorskande nordmenn

- Nordmenn skil seg ut frå resten av Europa, meiner Besigye. - Franskmenn, italienarar, tyskarar – alle elsker språket sitt. Heile den angloamerikanske verda driv språkimperalisme. Til og med i Norden er det forskjellar.

- Nordmenn svorskar i Sverige, mens svenskane held på svensk i Noreg. Svenskane har integrert språket sitt meir enn det nordmenn har. Folk i Noreg er ikkje så glade i å snakke norsk, det verkar som om dei vil tala eit anna språk, heller enn å nyte sitt eige. Det er som om språket ikkje har sett seg djupt nok i nordmenns DNA, seier han.

- *Kva kan vera årsaka til det?*

- Det er sterke krefter som arbeider mot det norske språket. Eg er kritisk til korleis universitet, høgskolar og massemedia reduserer språket. Dei dyrkar eit pragmatisk minimalistisk norsk med

alltid vore morsmålet hans. I dei tjuе siste åra har han følgd med på språkbruken i det litterære Noreg, og han meiner å ha registrert kva kritikarar og akademia framhevar som stor språkkunst: det antiwergelandske.

- Dei har sine heilage kyr, og det er ikkje mykje plass til det blomstrande språket, seier han. - Det er ei einsretting som går ut på at poesien skal ha færrest mogleg ord. Dei som målber denne trenden, dyrkar det knappe, der få ord blir slengde utover arket som eit nonfigurativt måleri. Besigye sjølv dyrkar ein annan stil. Han meiner han braut

med den rådande trenden da han diktdebuterte med lange setningar, ordrikdom, kreativitet og friske formuleringar. Dette

var også noko kritikarane la merke til og poengterte. Og for den samlinga fekk han Vesaas' debutantpris.

- *Det tyder jo på godkjenning frå litteratane?*

- Ser ein forfatterskapen under eitt, kan ein seia at eg har hausta lovord frå

● ● BERTRAND BESIGYE

Bertrand Besigye er forfattar og språkentusiast.

● «Da prinsesse Märtha Louise brukte ordet 'lysfontene', førte det til ein kollektiv hets, som er eit klart uttrykk for forakt.»

forkorta uttrykk, fritt for formuleringkunst og kreativitet. Det verkar som om dei vil ha formuleringane like knappe som hugselappen, seier forfattaren.

Einsrettinga rår

Bertrand Besigye har budd i Noreg sidan han kom hit saman med foreldra som politisk flyktning frå Uganda. Da var han berre fire år, og norsk har derfor

eit lite segment av den gamle garden, men eg har også møtt massiv motstand. Eg har ein forfatterskap som er i krig med dei skjønnlitterære dogma i Noreg, men det betyr ikkje at eg er åleine mot alle. Til dømes kan eg trekkje fram ein artikkel som stod i Morgenbladet i fjor, av forfattaren Cornelius Jakhelln. Han forsvarar stilen min og slaktar slaktet av språket mitt.

Opnar for maktspråket

Debutsamlinga til Besigye var ein lesarsuksess. Forfattaren har noegsrekord i talet på selde eksemplar av ei debutdikt-samling.

- Det seier noko om at det er ein tørst og hunger i folket etter eit meir sprudlande språk. Sjølv om det litterære parnasset meiner noko anna, seier han.

- *Er ikkje også finsliping av knappe, presise formuleringar ei form for språkdyrking og språkkjærleik?*

- Jo, det er ikkje det eine mot det andre. Fleire stilantar bør kunne akseptertast som like gode, og det må gjerne vera ei blanding. Det er einsrettinga eg reagerer på, dei som seier at den rå-

● **«Det norske språket er rikt og har ein fridom og grenselause moglegheiter som mange andre språk ikkje har.»**

dande trenden er det einaste rette.

Besigye fryktar at dersom folk gjer språket ordfattig, kan det lettare bane vegen for maktspråket.

- Mennesket er eit ordstyrt vesen, og dess fattigare språkbruken blir, dess vanskelegare blir det å vera maktkritisk, trur han. – George Orwell sa noko om det, at når ordbøkene blir tynnare, har mennesket ein dårlegare reiskap til å drive samfunnskritikk. Det blir lettare å styre folks oppfatning av røyndommen. Dess mindre ordforrådet og ordakrobatikken er, dess meir hjelpelause er vi overfor byråkratspråket, maktspråket, politikerspråket, som ofte er fullt av løgner.

Forakt for språkglede

Den manglande interessa for språket kjem ikkje berre til uttrykk i det litterære; haldningane gjennomsyrrer akademia og media, og dei går djupt ned i den norske folkesjela, meiner Besigye. Han synest det vanskeleg kan forklarast

ut frå den historiske situasjonen Noreg har vore i.

- Sjå på islendingane og på det irske folket. Island og Irland er også små nasjonar som har vore underlagde framandt styre. Likevel har dei ei heilt anna og stolt haldning til språket sitt. For meg ser det ut til at Noreg står i ei særstilling. Det blir snakka om annleislandet. Jantelova er ein undermedviten aktiv substans som har sett seg i språkbruken, seier Besigye.

Han meiner nordmenn viser ei forakt for språkglede og språkkreativitet.

- Berre sjå på kva som skjedde da prinsesse Märtha Louise brukte ordet «lysfontene». Det førte til ein kollektiv

hets, som er eit klart uttrykk for forakt. Prinsessa vart latterleggjord. Eg kan ikkje tenkje meg andre stader i verda der det same ville ha skjedd. Kva slags folk er det som hetsar og foraktar språkglede? Under dette ligg ein umedviten sjølvforakt for eige språk og for frodig bruk av det.

- *Så du meiner nordmenn dermed set grenser for eigen språkbruk og eiga språkglede?*

- Ja, og det får meg til å tenkje på noko filosofen Wittgenstein har sagt: «Dei grensene ein set for språket, er dei grensene ein set for verda.»

Språk som tyggegummi

Det norske språket er rikt og har ein fridom og grenselause moglegheiter som mange andre språk ikkje har, seier Besigye.

- I eit av dikta mine bruker eg ordet «maurvrulingslevende» for å skildre det yrande livet i ei maurtue. Det er ein

type ord eller samansettjing som er van-skeleg i til dømes eit språk som engelsk. Moglegheitene i norsk er så mange som herifrå og til månen. Diktarar må ha både hjernekapasitet og hjartekapasitet, det vil seia kjærleik til språket.

- *Korleis arbeider du for å utvide ditt eige språk?*

- Eg bruker språket som alt frå eit trommesett til ein tyggegummi som eg strekkjer. Eg arbeider for å få det til å uttrykkje musikalitet eller gjera det for-tetta, og eg finn opp nye ord og måtar å bruke språket på. I staden for å seia «eg set meg ved eit bord» kan eg bruke «eg bordar meg», og «eg gatar meg» i staden for «eg går bortover gata».

I fleire av dikta sine bruker Besigye store forbokstavar på alle ord i titlane.

- Eg kan gjerne begynne alle ord med store bokstavar, eller eg kan begynne med liten bokstav og ha resten store. Det er eit grep eg tek for å ruske litt opp i sjølve lesevanane, seier Besigye.

- Mykje kan gjerast også med bokstavar eller andre sider ved det visuelle uttrykket for å friske opp lesaropplevin-gane.

Må vekkje interessa

Bertrand Besigye meiner det trengst tiltak som skaper språkinteresse. Som døme på noko positivt trekkjer han fram programmet «Typisk norsk» med Petter Skjerven, som gjekk på NRK fjernsyn for nokre år sidan.

- Programmet var med på å gjera folk interesserte og nysgjerrige. Det viste kor spennande språk er. Men norsk fjernsyn burde ha eit fast språkprogram, slik svenskane har, meiner Besigye. – Gjerne eit program der også dei språkelskande poetane får sleppe til.

- *Har du fleire forslag til ting som kan gjerast?*

- I andre europeiske land blir det ar-rangert poesikonkurransar, debattkonkurransar og stovekonkurransar. Kvifor ikkje satse på det også her i landet? Lag debattklubbar på vidaregåande skolar og konkurransar av ymse slag! Slike ting kan vera med på å gjera unge menneske interesserte i og nysgjerrige på språket.

- I tillegg må litteratar og kritikarar frigjera seg frå det fastlåste synet på kva som er god poesi. Det er ein forstyr-rande mangel på mangfald i litterære uttrykk. Eg saknar oppfinnsemd og fryktløyse.

Styrk immunforsvaret

Dei som uroar seg for det norske språ- ket, tenkjer gjerne på det utanlandske språkpresset som trugande. Men Besigye meiner trugsmålet frå innsida er like sterkt, det handlar om haldningane til vårt eige språk.

- I Noreg er det språklege immun-forsvaret nesten nede. Når det kjem press utanfrå, har ikkje nordmenn nok kjærleik til språket til å kunne yte mot-stand. Da blir det vanskeleg å stå imot impulsar frå utlandet.

- *Kva tenkjer du om at utanlandsk språk så lett får innpass i norsk?*

- Det som skjer, er at det framande får innpass på ein uskapande måte. I seg sjølv er det ikkje noko gale i at språk tar opp i seg element frå eit anna, og at det skjer språkforandringar. Språk er i rørs-le heile tida, og slik skal det vera. Men faren er at det skjer i orwellsk retning, og da kan vi få ein språkkultur som nærmar seg gryntet, seier han.

- Alternativet er at språket får høgare status, slik at immunforsvaret blir styrkt og det blir meir levedyktig for framtida. Men føresetnaden for det er at nord-menn blir meir glade i språket sitt.

Motviljen mot engelsk i reklame og markedsføring øker kraftig

■ DAG F. SIMONSEN

Det vakte en del oppmerksomhet da Språkrådet tidligere i vinter kunne legge fram tall fra en undersøkelse av holdninger til engelsk i reklame og markedsføring som TNS Gallup har gjort for oss.

Resultatene fra undersøkelsen er interessante, og de er positive for Språkrådet, som jo arbeider for å styrke bruken av norsk i konkurransen med engelsk i Norge. De kan sammenliknes med det som kom fram i en mer omfattende meningsmåling i 2008–2009, med de samme spørsmålene. I begge målingene er et representativt utvalg av befolkningen og et representativt utvalg av bedriftsledere blitt spurt om hva de mener om engelsk i reklame og markedsføring.

Rundt halvparten er negative til engelsk i reklame

På spørsmål om en er positiv, negativ eller likegyldig til engelsk i reklame i Norge, sier 46 prosent av befolkningen nå at de er negative, og det er en økning fra 36 prosent for to år siden. Videre mener 52 prosent at det generelt benyttes for mye engelsk i reklame og markedsføring, og her er økningen enda større, fra 39 prosent i 2008. Også bedriftsledere er blitt mer negative, skjønt ikke i samme grad, for blant dem er det nå 50 prosent som mener at det er for mye engelsk i reklame og markedsføring, mot 47 prosent for to år siden.

Dette er oppsiktsvekkende endringer, og spørsmålet er om de uttrykker en ny tendens og innvarsler et mer langvarig stemningsskifte. Tallene blir ikke mindre interessante om en sammenlikner dem med svarene på andre spørsmål i undersøkelsen.

Har engelsk ekstra påvirkningskraft?

Når befolkningsutvalget blir bedt om å ta stilling til påstanden «Folk flest lar seg i større grad påvirke av reklame dersom den er på engelsk, enn dersom den er på norsk», svarer 20 prosent nå at de er enige, mens 73 prosent er uenige. Her har andelen av dem som er enige, økt fra 18 prosent i 2008. Blant bedriftslederne er tallene henholdsvis 15 prosent og 82 prosent, og det er verdt å merke seg at andelen av bedriftsledere som er enige, har økt fra 10 prosent i 2008, altså enda mer enn i befolkningen generelt. Det er med andre ord flere enn før som mener at kundene lar seg påvirke mer av engelsk enn av norsk i reklame. Men fortsatt utgjør denne gruppa bare et nokså lite mindretall, og fortsatt er det mindre tro på påvirknings-

kraften til engelsk blant bedriftslederne enn i resten av befolkningen.

Synkende tro på salgseffekten

Påvirker så engelsk språk i reklame og markedsføring salget? Her ble befolkningsutvalget bedt om å ta stilling til en påstand om salget av produkter og tjenester fra bedrifter generelt, mens bedriftslederne skulle ta stilling til engelsk og salget av produkter og varer bare fra sin egen bedrift. Andelen i befolkningen som var enig i at engelsk generelt fremmer salget, var 20 prosent i 2010 mot 22 prosent i 2008 og er altså blitt mindre på disse to årene. Blant bedriftslederne er det færre som er enig i at engelsk fremmer salget, bare 16 prosent, og det er en nedgang fra 17 prosent i 2008, men dette gjelder altså bare deres eget salg. Hele 71 prosent av befolkningen og 82 prosent av bedriftslederne er for øvrig uenig i påstanden.

Et paradoks

Det er overraskende at det både i befolkningen generelt og blant bedriftslederne blir flere som mener at folk lar seg påvirke ekstra av engelsk i reklame, samtidig som det blir færre som tror at engelsk faktisk fremmer salget av produkter og tjenester. Her er det interessant at bedriftslederne – når de blir spurt om hvor viktig engelsk er for bedriftens arbeid med reklame og markedsføring – i økende grad anser engelsk som viktig eller svært viktig. Dette stemmer med den økende troen på at engelsk har stor påvirkningskraft, men ikke med den sviktende troen på salgseffekten. Noen forklaring på dette paradokset er det ikke lett å gi, men ser en det i sammenheng med de øvrige resultatene, kan det jo virke enten som om økende bruk av engelsk gir økt

skepsis eller motvilje, eller som om synkende tro på salgseffekten fører til økt bruk av engelsk – eller kanskje begge deler samtidig. Men siden vi ikke har gode samletall for omfanget av engelsk i reklame og markedsføring og vi heller ikke kan dokumentere om bruken øker eller minker, er det i grunnen nytteløst å spekulere så mye på dette.

Nesten to av tre ønsker norsk i all reklame og markedsføring

Både befolkningsutvalget og bedriftslederne ble også bedt om å ta stilling til påstanden «Norsk språk bør benyttes i all reklame og markedsføring i Norge». Her var 62 prosent av befolkningen enige, og det er en kraftig økning, fra 52 prosent i 2008. Blant bedriftslederne sa enda flere, 65 prosent, seg enig i påstanden, men økningen her var mindre enn i befolkningen som helhet, nemlig fra 62 prosent i 2008.

Det er altså økende motvilje mot engelsk i reklame og markedsføring, og stadig flere mener at norsk bør brukes i all reklame og markedsføring. Nå er det viktig å være klar over – både her og i undersøkelsen generelt – at den påstanden en ble bedt om å ta stilling til, ikke er presis, fordi «engelsk i reklame og markedsføring» både kan tolkes som 'reklame og markedsføring som i sin helhet er på engelsk' og som 'reklame og markedsføring med innslag av engelsk'. Men med dette forbeholdet er tendensen klar – folk blir stadig mer negative til engelsk i den reklamen som omgir oss.

.....

Dag F. Simonsen er seniorrådgiver i Språkrådet.

NY BOK:

Klar, men aldri ferdig**En praktisk veileder i klarspråksarbeid**

Det finnes knapt noe mer frustrerende enn å motta et brev eller et skjema som er så uklart formulert at man ikke forstår innholdet i det. Dessverre er det mange som til stadighet opplever å få uforståelig informasjon fra det offentlige.



Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har siden 2008 arbeidet sammen i prosjektet *Klart språk i staten* for et mer forståelig språk i tekster fra staten. Nå har de gitt ut boka

Klar, men aldri ferdig. En praktisk veileder i klarspråksarbeid, som omtaler noen offentlige virksomheters arbeid med å gjøre språket i blant annet brev, skjemaer og nettekster mer forståelig for publikum.

Det finnes etter hvert mye kunnskap om språkarbeid i det offentlige, og mange offentlige virksomheter sitter på kunnskap som andre kan bruke. Med denne boka har Språkrådet og Difi samlet erfaringer fra en rekke ulike språkprosjekter i Norge, fra klarspråksarbeid i andre land og dessuten prosjektet *Klart språk i statens* egne erfaringer.

Boka skal være til inspirasjon og hjelp for alle offentlige virksomheter. Den inneholder praktiske råd om hvordan klarspråksprosjekter kan gjennomføres, fra de store, gjennomgripende kampanjene til de små, konkrete forbedringene. Her finner du også historiene bak språkarbeidet, sjekklister og nyttige eksempeltekster.

Offentlig ansatte kan bestille boka gratis fra nettstedet www.klarspråk.no. Der er den også tilgjengelig for alle i pdf-format.

Nordisk språkkampanje

Unge i Norden har fått stadig større problemer med å forstå hverandres språk. Nordisk ministerråd har tatt utfordringen ved å iverksette en språkkampanje. Formålet med kampanjen er å styrke barn og unges forståelse av

dansk, norsk og svensk, så de kan kommunisere med hverandre på sitt eget språk.

Les mer om kampanjen her: <http://www.nordisksprogkampagne.org>

Styret for Språkrådet

Styret for Språkrådet består av ni medlemmer som er oppnevnt av Kulturdepartementet. Styret ble oppnevnt 25.11.2010 og skal sitte til 31.12.2014.

Styremedlemmer

- Ottar Grepstad, leder (f. 1953, forfatter og direktør for Nynorsk kultursentrum, rådsmedlem i Norsk kulturråd 2005–2009, styremedlem i Språkrådet 2006–2010)
- Åse Lill Kimestad, nestleder (f. 1955, rektor ved Vågsbygd videregående skole, tidligere medlem av fagrådet for skole og offentlig forvaltning i Språkrådet)
- Trond Trosterud (f. 1962, førsteamanuensis i samisk språkteknologi ved Universitetet i Tromsø)
- Åse Wetås (f. 1972, prosjektdirektør for Norsk Ordbok 2014)
- Sigrun Høgetveit Berg (f. 1972, cand.philol., stipendiat ved Universitetet i Tromsø)
- Helene Uri (f. 1964, forfatter og språkviter, dr.art. i lingvistikk)
- Kamil Øzerk (f. 1954, tyrkisk-norsk pedagog, dr.polit., professor i pedagogikk ved Universitetet i Oslo)
- Ola T. Lånke (f. 1948, prest, tidligere stortingsrepresentant for KrF)
- Margrethe Kvarenes, bokmålsrepresentant for de ansatte, styremedlem første periode (rådgiver i Språkrådet)
- Daniel Ims, nynorskrepresentant for de ansatte, styremedlem andre periode (rådgiver i Språkrådet)

Ansattrepresentantene er medlem og varamedlem i hver sin del av perioden.

Varamedlemmer

- Lars Rottem Krangnes, varamedlem for nynorskrepresentantene (nasjonal konsulent i Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner, med samfunnskontakt som ansvarsområde)
- Bente Christensen, varamedlem for bokmålsrepresentantene (leder for Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo)

Sprog i Norden 2010

Sprog i Norden, årsskriftet til språknemndene i Norden, tek opp aktuelle språklege tema. Eit viktig utgangspunkt for artiklane i skriftet er det nordiske språkmøtet, som blir arrangert ein gong i året. I Sprog i Norden 2010 er språknormering og teiknspråk hovudtemaet. Den siste delen av skriftet inneheld som vanleg eit nyttig oversyn over publikasjonar og ordbøker som er utgitt i dei nordiske landa i 2009.

Statsorgan - berre på bokmål

■ ASTRID MARIE GROV

Nesten halvparten av nynorsk kommunane får sjeldan eller aldri brev frå staten på nynorsk. – Urovekkjande, meiner fungerande direktør i Språkrådet, Sigfrid Tvitekkja.

Etter § 5 i mållova kan eit kommune- styre gjere vedtak om å krevje ei viss målform i skriv frå statsorgan. Undersøkinga syner at nynorskkommunar i svært mange tilfelle ikkje får desse krava innfridde.

– Tala viser at det er behov for bevisstgjer- ring om og innskjerp- ing av reglane. Språk- rådet vil no drøfte aktuelle oppfølgings- tiltak med Kulturde- partementet, seier Sig- frid Tvitekkja.

Fakta

Målbrukskartlegginga er gjennom- ført av Språkrådet, Landssaman- slutninga av nynorskkommunar (LNK) og Nynorsk kultursentrum. Alle dei 116 nynorskkommunane i landet er spurde, i tillegg til 11 språknøytrale kommunar. Føre- målet med undersøkinga har vore å kartleggje kva språklege behov desse kommunane har.

er eit leiaransvar å sørgje for at mållova blir følgd.

Få klagar

Trass i lovbrota er det få som klagar. Berre 13,5 % av kommu- nane opplyser at dei har klaga på skriv på bokmål frå statsorgan. Språkrådet opplever ein jamn auke i talet på klagar på mållovs-

Nedslåande resultat

Fjell kommune i Hordaland er blant kommunane som opplyser at dei sjel- dan eller aldri får skriv frå statsorgan på nynorsk. I samband med kartlegginga bestemte kommunen seg for å undersø- kje målbruken nærare i to utvalde må- nader i 2010. – Resultata var nedslå- ande, fortel informasjonsrådgjevar Vagleik Brekke. – Me fann ut at det er sentrale statsorgan som er dei største syndarane. Av totalt 13 skriv Fjell kom- mune fekk av ulike departement, var ingen på nynorsk.

Brekke trur årsaka er lunkne hald- ningar og lite kunnskap om lovverket. – Det er Kommunaldepartementet som skal sjå etter at statsorgana held seg til mållova. Viss departementa ikkje held seg til lova, kvifor skal då kommunane

brot frå privatpersonar, men klagane frå kommunane uteblir.

– Det er viktig at kommunane klagar, for dette er ofte den einaste måten Språkrådet kan fange opp brot på, fortel Sigfrid Tvitekkja. – Ein klagar til stats- organet som har brote lova, med kopi til Språkrådet, og Språkrådet vil då ta opp saka med det aktuelle statsorganet. På den måten får statsorganet vite at det bryt mållova. Det kan sjå ut til at stats- organ flest lever i god tru om at alt er vel.

Fleire resultat frå undersøkinga finn du på www.sprakradet.no.

.....

Astrid Marie Grov er førstekonsulent i Språkrådet.

I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

FRÅ KJØNNSLAUS ENGELSK TIL TREKJØNNA NORSK

Når vi tek i bruk engelske ord i norsk skrift og tale, ymsar det i kor stor mon vi tillempar dei til norsk uttale og bøyingsmønster. Mange nordmenn er i dag godt i stand til å uttala engelske importord på engelsk maner. Eit engelsk importord som har vore lenge i norsk, er *kjeks* etter engelsk *cakes*. Vi uttalar det på heimleg vis, /kjekks/, i staden for engelsk, /keiks/. Eit anna lån frå engelsk er *jackpot*, som òg kan skrivast *jekkpott*. Den norvagenserte uttalevarianten har lang fartstid, men er nok i dag på vikande front og blir fortrengd av ein engelsknær uttale, /dsjækkpåt/ eller /jækkpåt/.

Grammatisk kjønn

Jamvel om ord kan takast inn i norsk med engelsk uttale og skrivemåte, må i alle fall substantiv tilpassast på andre vis. I norsk har vi tre grammatiske kjønn eller *genus*: hankjønn, hokjønn og inkjekjønn. Den grammatiske kategorien *genus* er noko norsk deler med dei aller fleste indoeuropeiske språk. Vi finn det i både tysk, fransk, russisk, urdu og ein brote med andre av våre indoeuropeiske systemspråk. Men engelsk, som er vår fremste leverandør av nye importord og jamvel eitt av dei språka som er nærast i slekt med norsk, har ikkje den grammatiske kategorien *genus*. Det inneber at substantiv som vi låner frå engelsk, må få tildelt eit grammatisk kjønn når vi tek dei i bruk i norsk.

Kva gjer vi med dei engelske orda?

Det er sjeldan vi lét dei engelske orda vera hokjønnord. Unntaket er innlånte verbalsubstantiv som *doping* og *mobbing*, etter mønster frå andre verbal-substantiv, (*å*) *skriva* – *skrivning*.

Hankjønnorda er den største gruppa av substantiv i norsk, så det er ikkje unaturleg at ord vi låner inn, oftast blir gjorde til hankjønnord. For å seia det på engelsk er hankjønn *default(en)*, standardvalet, når språkbrukarane deler ut grammatisk kjønn til dei engelske importorda. Døme på slike hankjønnord er *weekend*, *jobb*, *bløff* og *film*, blant veldig mange andre. Somme einstavingsord har likevel vorte inkjekjønnord i norsk: *rush*, *show*, *sjokk*, *stress*. Dei har det felles at dei etter kvart er godt innarbeidde, og vi oppfattar mange av dei som kvardagslege ord i norsk.

Likevel lever importorda sitt eige liv blant språkbrukarane. To ord som Språkrådet ofte får spørsmål om, er *design* og *case*. Begge er normerte som hankjønnord (*designen* og *casen*), men eit Google-søk viser at dei oftast blir bruka som inkjekjønnord (*designet* og *caset*). Det er vel ikkje utenkjeleg at språkbruket i desse tilfella har endra seg og fest seg etter at orda vart normerte.

.....
Kjetil Aasen er rådgjevar i Språkrådet.

– *EG TALAR BETRE* fransk enn engelsk. Men eg føretrekker å skrive på engelsk framfor fransk. I fransk er det grufulle problem med aksentar og rettskriving. Og skriv du ikkje korrekt fransk, vert du ikkje akseptert. Men skriv du dårleg engelsk, tykkjer alle det er heilt i orden.

Umberto Eco, italiensk forfatter og semiotiker, intervjuet i Le Monde / Dag og Tid

– *JEG SYNES VI* skal forholde oss til det norske språket, og der skrives *konsertsalen* i ett ord. For meg blir denne saken verre og verre. Hva er så feil med å ha det på én linje? Skal vi dele opp ordet bare fordi det ser fancy ut, spurte Urfjell. [...] Offentlige bygg bør ha som prinsipp å gjøre det riktig, og det knyter seg innvendig når jeg ser at ting er feilskrevet. Det blir sikkert lekkert, men jeg mener det går an å gjøre ting både lekkert og riktig.

Torbjørn Urfjell, medlem i styret for teater- og konserthuset Kilden, som bygges i Kristiansand, sitert i Fædrelandsvennen. På skiltene i huset skal navnene på salene deles opp uten bindestreker, skriver avisa. Ifølge artikkelen blir ett av skiltene slik:

TEATER
& OPERA
SALEN

JEG REGISTRERER med glede at kommunens informasjonssjef Knut Western nå driver språkrøkt. Han vil det byråkratiske språket til livs og sørger for at Fredrikstad blir den første kommunen med egen språkprofil. Det ligger nemlig mye makt i språket, og folk flest føler seg mange ganger overkjørt i møtet med det politiske og byråkratiske

maktsspråket. Her gjør Western en viktig jobb selv om materien han tar tak i, kan være like ugjennomtrengelig som jungelen i det indre av Borneo.

Redaktør Helge Solheim i en kommentarartikkel i Demokraten

NYE BEFOLKNINGSGRUPPER har tilegnet seg norsk, og plutselig har språket jeg er født inn i og har brukt et liv på å utforske, fått en ny vri. Med ett er det jeg som må anstrenge meg for å forstå den unge mannen fra pakkebyrået når han prater i vei på det som for ham er godt norsk, og som – ganske riktig – fungerer som det skal. For han får jo frembrakt ærendet sitt, vi får gjort en avtale, pakken er avlevert, og alt er fint.

Når den unge mannen står på døra, ser jeg at han er fra et afrikansk land. Og hjertet svulmer. Tenk at han har kommet hit, skapt seg en ny tilværelse og lært seg språket mitt! Det lille, norske språket fra ytterst i verden er blitt hans nye tungemål. Det rører meg. Når jeg tenker på hvor vanskelig det er å lære seg språk i voksen alder, hvor kronglete det er å vri tunga i nye stillinger, få grammatikken på plass og flytte tankene inn i nytt vokabular, og i tillegg vet at folk som Abdullah kommer fra deler av verden der språket ikke engang minner om norsk, ja, da sier jeg som i sangen; da røres, ja, røres mitt bryst.

Liv Riiser, journalist, i spalten Damenes i Vårt Land



Brann!

Da jeg som nyansatt brannsjef i 1978 inviterte meg selv på besøk til brannstasjoner rundt om i landet, fant jeg fort ut at det var en uensartet terminologi i norsk brannvesen. Jeg ble derfor nærmest tvunget til å interessere meg for terminologi.

Import av kunnskap får import av ord og uttrykk som konsekvens. På mitt fagfelt har noen vært vellykkede, men flere har vært feil eller dårlig oversatt. Mange er gitt et noe annet innhold enn på originalspråket, noen har hatt faglig feil innhold eller er merkelige forsøk på direkte oversettelser av forkortelser, og atter andre er ord for fenomen som er å betegne som døgnfluer.

Som leder av Kollegiet for brannfaglig terminologi (KBT) og medlem av Kystverkets arbeidsgruppe for terminologi for akutt forurensning opplever jeg at vi har et ønske om å finne gode norske ord for engelske eller svenske uttrykk. Men vi lykkes ikke alltid:

Bulldog er et ord med et viktig innhold. KBT har gitt ordet følgende definisjon: «Ekspedisjonsord som angir at påfølgende melding skal ha høyeste prioritet». Det benyttes under øvelser og betyr at det i øvelsen har skjedd et uhell som ikke er en del av øvelsen, og som må håndteres som en virkelig hendelse. Ropes dette ordet over radiosambandet, betyr det at flere tiltak skal iverksettes umiddelbart. Først skal det iverksettes radiotaushet for all

annen radiotrafikk enn den som angår uhellet. Dernest skal øvelsen stoppes. For det tredje skal organisasjonen gå fra øvelsesmodus til håndtering av en virkelig hendelse.

Årsaken til at vi har begynt å bruke dette engelske uttrykket, kjenner jeg ikke. Men det har vært brukt av Røde Kors Hjelpekorps i alle fall siden andre verdenskrig. I andre land brukes andre uttrykk. I Nederland sier de for eksempel «no play» og i Finland noe som de oversetter til engelsk med «real danger».

Back-draft er et amerikansk uttrykk det ble pinlig å måtte erkjenne at vi trengte. Forsøk på norske oversettelser var mange. *Attebør* er det siste forslaget som ikke vant fram. Det mest spektakulære forslaget var kanskje *baksug*, som minner meg om årsaken til at såpa «Pool med lime» ikke slo gjennom i Norge. Vi hadde ikke noe norsk uttrykk for det fysiske fenomenet. Vår pedagogiske modell branntrekanten sier at brann oppstår når tre forutsetninger er til stede: et brennbart materiale, tilstrekkelig høy temperatur og passende mengde luft. Vi manglet et uttrykk for antennelse når forutsetningene brennbart materiale og høy nok temperatur er til stede, men når det mangler luft. Etter nærmere ti års vurderinger endte vi med et godt norsk ord: *tilluftsantennelse*. *Back-draft* betyr en så voldsom tilluftsantennelse at det oppstår en trykkbølge, altså en eksplosjon.



Skriving – lyst og pine?

■ TORLAUG LØKENS GARD HOEL

Winston Churchill skal ha sagt: «I hate to write, but I love having written.» Sitatet fangar inn ytterpunkta ved skriving: lyst og pine. Det fangar slitet, strevet, leitinga etter ord ein ikkje finn – og som kanskje heller ikkje finst. Det fangar kriblinga i mellomgolvet når vi kjenner at nå svingar det, og det fangar den nesten barnslege gleda når vi endeleg ser orda på trykk.

Skriving er å inngå ei pakt med det uføreseibare. Det uføreseibare ligg for det første i *skrivninga* sjølv. Vi veit aldri kvar

ho vil føre oss. Den mest utbreidde misforståinga om skriving er førestellinga om at skriving er å skrive ned tankar ein

alt har tenkt og formulert ferdig i hovudet. Ein viktig del av skrivinga er tvert om å prøve ut tankar – forkaste nokre, gå vidare med andre. Dette fører til at vi heile tida må skrive *om*, meir eller mindre. Denne leitande vandrings er gøymd for lesarane, som berre møter den ferdige, finpusa teksten, der alle spor etter omskrivingar og omvegar – det ein kunne kalle tankens fotspor i teksten – er borte. Arnljot Eggen har sett ord på dette når han seier: «Ein må skrive nokså mykje for å finne ut kva ein ikkje skal skrive.»

slike når vi har eit spørsmål vi ikkje har funne svar på, eller eit problem vi ikkje har løyst. Brått, når vi er opptatt med andre gjeremål, kjem svaret eller løysinga til oss. Desse prosessane kan forklarast ut frå psykologisk teori. Den svenske diktaren Sven Delblanc har sagt: «En del av det kreativa arbeidet är i vår makt, en annan kommer ur det omedvetna.» På den andre sida er sjølv-sagt mykje skrivearbeid, kanskje det meste, medvite og planlagt, og det er hardt arbeid. Forfattaren Anne Oterholm fortel i eit intervju i Dagens Næringsliv at først når ho har skrive *om*

● «Skriving er å inngå ei pakt med det uføreseibare. Vi veit aldri kvar ho vil føre oss.»

Orda som kraft i seg sjølv

Det uføreseibare ligg òg i at dei nedskrivne orda blir ei *kraft i seg sjølv*. Skjønnlitterære forfattarar fortel ofte om korleis teksten tar makta frå dei. Herbjørg Wassmo har sagt i eit intervju om si eiga skriving: «Det jeg er mest redd for, er å dø midt i en roman, for da får jeg jo ikke vite hvordan det går.» Men også vi faglitterære forfattarar opplever stundom at teksten tar ei heilt anna retning enn vi har tenkt. Doktoravhandlinga mi vart ein uhandterleg mastodont, det var så mykje eg ville finne ut. Førsteopponenten innleidde opposisjonen sin med å seie at det første ho gjorde da ho fekk avhandlinga, var å hente ei sag og dele ho i to slik at ho vart handterleg.

Ikkje all skriving er ein planlagd og medviten aktivitet. Ein del av den mentale verksemda undervegs i skriveprosessen går føre seg i undermedvitet. Psykologen Ragnar Rommetveit peikar på eit fenomen han kallar BBB-løysingar (bed, bathroom, bus). Vi opplever

teksten ti gonger, vurderer ho å vise han til nokon. Stundom kan det ta to år: «Alt begynner som klisjeer som jeg må omskrive til et endelig produkt gjennom hardt arbeid.»

Tilhøvet til lesaren

Det mest uføreseibare ligg kanskje i at vi ikkje kan føresjå *lesarane* og *deira reaksjonar* på teksten. Kven skriv vi for? Kva forkunnskapar og føresetnader har lesarane? Kva kulturell og sosial bakgrunn har dei? For alle som skriv i offentleg sektor, er dette blitt spørsmål med mange fleire svar enn for nokre år attende. Leseforskning viser at den same teksten blir oppfatta ulikt av ulike lesarar. Som skrivarar les vi vår eigen tekst med innforståttheit, vi legg våre egne intensjonar og tankar inn i teksten. Dei andre lesarane tolkar teksten i lys av den kunnskapen dei har, sosial og kulturell bakgrunn og formålet med lesinga. Dei omskaper dei orda som står i teksten. Den svenske forfattaren og

kulturpersonen Olof Lagerkrantz seier det slik: «Man skriver bara halva boken, ty den andre hälften får läsaren ta hand om.» Og så legg han til: «Gud give oss alla, som skriver, goda läsare.»

Skrijving som klargjering

I skriveprosessen frå idéstadium til ferdig tekst går det gjerne føre seg ei klargjering:

1. Den eine klargjeringa skjer hos *skrivaren sjølv*. Kva er det eg meiner? Kva tenkjer eg om dette? «Eg skriv for å forstå like mykje som for å bli forstått», seier Elie Wiesel.
2. Den andre klargjeringa skjer av omsyn til *lesaren*: Korleis må eg formulere meg for at tankane best mogeleg når fram til lesarane?
3. Den tredje klargjeringa skjer med tanke på *den samanhengen som teksten skal brukast i*. Her må vi ta omsyn til

brukast i, at vi blir sett på den språklege styrkeprøva.

Klart språk for kven?

Prosjektet «Klart språk i staten» har som eitt av formåla å gjere språket i publikasjonar og brev frå det offentlege klarare. Klarare for kven? Sjølv om ein kan setje opp ein del språklege kriterium for klart språk, rekne ut lesbarheitsindeks (liks) osv., er det til sjuande og sist lesaren som kan uttale seg om kva som er klart språk. Her er eit eksempel på at språket *ikkje* nådde fram, fordi det ikkje var klart nok for dei som skulle bruke det:

I 1988, den 6. juli, eksploderte ein gassprosesseringsmodul på Piper Alpha, ein borerigg på britisk side av kontinentalsokkelen. Eksplosjonen starta ein brann, som igjen starta ein serie med nye eksplosjonar. Etter 20 minuttar var

-
- «Tidlegare statsminister Odvar Nordli skal ha sagt: 'Når man har lest odelstingsproposisjoner i 20 år, snakker man til slutt som en.'»

sosiale og kulturelle normer, konvensjonar, sjangrar. Det er skilnad på ein artikkel for fagkollegaer og ein aviskronikk om same tema. Det er skilnad på eit internt notat om ei sak og det som går vidare til offentlegheita.

I skriveteori skil vi gjerne mellom tenkjeskriving og skrijving for kommunikasjon. Tenkjeskriving er orientert mot skrivaren sjølv og fungerer gjerne som støtte for tanken. Slik skrijving er gjerne ustrukturert og springande fordi ho ikkje treng rette seg etter normer for tekstar som skal lesast av andre. Det er ofte når vi skriv med tanke på lesaren eller på den samanhengen teksten skal

heile plattformen forandra til eit inferno av eksplosjonar og flammor og måtte evakuerast. Av dei 232 personane som var om bord, overlevde berre 65. I rapporten etter ulykka vart det mellom anna slått fast at språket i dokumenta for vedlikehald ikkje var klart nok, og at det hadde bidratt til ulykka. I rapporten vart det understreka at alle driftsprosedyrane skulle skrivast på norsk, og at både dei norske og dei engelske versjonane skulle gjennomgåast. Phillips Petroleum Company Norway finansierte eit doktorgradsprosjekt der formålet mellom anna var å utarbeide prinsipp for retningslinjer og dokument-

asjon, og der nettopp språket vart sentralt. I denne prosessen var det tett samarbeid mellom det tekniske personalet som utforma innhaldet i retningslinjene, arbeidarane som skulle bruke dei, og språkforskaren.

Konvensjonar og normer

Normer og konvensjonar er ofte konserverande. Det er nettopp derfor dei er blitt normer eller konvensjonar. Av og til drar ein med seg desse språklege konvensjonane, som kan vere knytt til utdanning eller yrke, inn i situasjonar der dei ikkje høver. Tidlegare statsminister Odvar Nordli skal ha sagt: «Når man har lest odelstingsproposisjoner i 20 år, snakker man til slutt som en.» Konvensjonane for tekst og språk må stadig vere i forandring for at språket skal fungere best mogeleg i ulike situasjonar og for ulike formål. Og her kjem prosjektet «Klart språk i staten» inn, der ein del av arbeidet ikkje minst er å bryte med konvensjonar og stivna språkbruk. Byråkratspråk blir det gjerne kalla. Det er mellom anna dette språket Aasmund Olavsson Vinje harsellerer over i ein liten artikkel med overskrifta «Om Stil»: «Eg er ikki blind for Nyttan av ein slik lærd Stil; den agar eller imponerer mangein Lesare, for han trur, at det maa vera grovt til Lærde Menn, som skriva slikt eit lærdt Spraak» (*Dølen* 1867).

Er klart språk det same som formålstenleg språk? Er klart språk å seie meininga si rett ut slik skrivaren ser saka? Vi skal sjå på to tekstar som har svært ulik uttrykksmåte.

Den første teksten er eit fiktivt brev frå nettsidene til Språkrådet:

Velg en passe personlig tone :-)

Mange klager på at brevene i staten er

så formelle og stive. For en tid tilbake sendte daværende Jordbruksdepartementet oss et alternativt brevutkast:

«Hei, hei

Takk skal du ha for det ordentlig kjekke brevet du sendte oss om å få lov til å overta den lille gården etter onkern din. Det kan du nok ikke, skjønner du, for vi liker best sånne litt store og rike bønder. Folka på toppen her har sagt at det er stordrift og lønnsomhet som skal settes først. Sånn er det altså. Vær grei og ikke plag oss mer med disse greiene. Vi har mye annet å gjøre.

Hei då.

P. Jordet

byråsjef

T. Side

konsulent»

Språkbruken er utan tvil klar nok. Om han er formålstenleg, er eit anna spørsmål.

Den andre teksten er over 160 år gammal. I 1848 sender oldemor mi eit brev til foreldra sine. Ho er 30 år, gift på ein gard ei halv mil unna, har fått tre barn, og nå vil ho fortelje foreldra sine kor godt ho har fått det i livet, og også takke dei for det dei har gjort for henne. Ho kan nok ikkje skrive i den forstand vi snakkar om her, brevet er kanskje ført i pennen av læraren i bygda. Det er høgprosaens stil i dansk språkform, langt frå den hallingdialekta ho snakka:

«Hjertelskede Kjære Foreldre! Jeg vil her yttre for Eder, min pliktskyldigste Børnekjærlighed, og takke Eder for al kjærlig og omhyggelig Omsorg, som De havde for mig i mine spæde Barndoms Aar.» Ho bed om tilgjeving dersom ho i barndommen «ved Uerfarenhed kan have begaaet Feiltrin imod Eder», og

avsluttar med «Vær kjærlygt hilset fra Eders indtil Døden forbundne, troe, kjærlyge og lydige Datter, Gunild Engebretsdatter». Det høgtidelege og velformulerte språket saman med ei elegant utbrodert handskrift gjer brevet til skrivekunst.

Ser vi brevet i den kulturelle og sosiale konteksten det høyrer heime i, har den omstendelege og høgtidlege uttrykksmåten ein funksjon. I det gamle bondesamfunnet var det ikkje skikk å utbasunere kjenslene sine overfor andre, både lykke og ulykke skulle haldast innanfor grensene av det sømmelege. I så måte bryt oldemor med konvensjonen. Men ho gjer det ved at orda blir nedfelte i skriftleg form. Det skaper avstand og gjer det mogeleg for henne å

omsyn til sosial eller økonomisk status, i bygd og by, er truleg det største demokratiseringprosjektet i vårt land.

Til slutt skal vi tilbake til spørsmålet om lyst eller pine. Skrivning er både og. Eg har kanskje snakka mest om strevet, alt det uføreseibare ein kavar med, den elegante tankeflukta som fell til jorda som småstein, eller som Hans Børli seier det:

Ordene du strever med
skrangler tomt inne i deg,
som moltekart
på bunnen av et blikkspann.

Men skriv gjer vi, og vi prøver om att og om att om vi kan lykkast i det Hans Børli kallar «å sette vinger på en stein».

● ● «Å gi alle lik tilgang til språket er truleg det største demokratiseringsprosjektet i vårt land.»

få fortalt noko til foreldra som det ville vore umogeleg å *seie* til dei. Så kan ein sjølvsagt ønskje at oldemor hadde vore meir skrivefør enn ho sikkert var, og at ho hadde hatt tilgang til eit skriftspråk som låg nærmare talemålet hennar enn dansken, men det er ei anna sak.

Klart språk har røter i fortida

Prosjektet «Klart språk i staten» går inn i det store demokratiske språkarbeidet som starta på 1800-talet med Henrik Wergeland, og som vart ført vidare av Knud Knudsen med fornorskning av dansken og Ivar Aasen med landsmålet, som det heitte da. Same året som oldemor fekk skrive brevet til foreldra sine, gav Aasen ut den grammatikken som var bygd på det han kalla det norske folkesprog. Å gi alle lik tilgang til språket, både som lesarar og skrivarar, utan

Det som driv oss, er kanskje spenninga om kvar skrivinga vil føre oss, og gleda ved å få til noko. Kanskje også ei von om ein sjeldan gong å kunne kjenne seg igjen i orda til Olav H. Hauge:

I dag kjende eg
at eg hadde laga eit godt dikt.
Fuglane kvitra i hagen då eg kom ut,
og soli stod blid yver Bergahaugane.

Denne artikkelen er ei omarbeiding av eit foredrag som forfattaren heldt ved utdelinga av Klarspråksprisen 16. november 2010.

.....
Torlaug Løkensgard Hoel er professor i praktisk pedagogikk ved NTNU med norskdidaktikk som særskilt fagområde.

Haldningar blant norsklærarar

Avgjer utdanningsnivået i norsk haldninga norsklærarane har til faget sitt? Har det noko å seie kor mange år dei har arbeidd som norsklærarar? Likar dei jobben og elevane? Kva meiner dei om arbeidsomfanget og innhaldet i faget? Dette og meir til har Språkrådet spurt norsklærarar i ungdomsskolen og den vidaregåande skolen om. Resultata frå undersøkinga blir omtalte i neste nummer av Språknytt. Sjå også informasjon på www.sprakradet.no.



Konferanse i Lund om leksikografi i Norden, 24.–27. mai

Det er Svenska Akademiens ordbokredaksjon som er ansvarlig for arrangementet, i samarbeid med Nordisk forening for leksikografi (NFL) og Språkrådet i Norge.

Konferansen er den ellefte i rekken og har blitt holdt hvert annet år siden 1991. Formålet er å gi et så bredt bilde som mulig av nordisk leksikografiarbeid.

Det akademiske programmet vil bli gjennomført ved Lunds universitet, som er det nest eldste universitetet i Sverige og det største i Norden. Konferansen byr også på et interessant sosialt program.

Du finner flere opplysninger om konferansen og NFL her:
<http://nordisksprogkoordination.org/nfl>

Nordtermdagene 2011 i Vasa, 7.–10. juni

Nordterm (<http://www.nordterm.net/info/main-no.html>) er det nordiske terminologiforumet. Hvert annet år arrangerer Nordterm en konferanse og et kurs som er åpne for alle, denne gang i Vasa.

Konferansetemaet er *Samarbeid gir resultater: fra begrepskaos til fastsatte termer*. Gjennom dette ønsker man å få belyst prinsipper for og praktisk bruk av arbeid med terminologi og ontologier samt å få demonstrert hvor vesentlig samarbeid mellom fagekspert og terminolog er for kvaliteten.

Konferansespråkene er dansk, engelsk, norsk og svensk.
Påmelding: <http://www.tsk.fi/tsk/sv/node/544>

Nyord i Språknytt i perioden 1977–2010

■ ANETTE KARINE HAARE ARCTANDER

Denne artikkelen gjengir hovedresultatene av en analyse av de nyordene som er presentert i Språknytt siden spalten Nyord kom første gang i nr. 4, 1977.

Analysen omfatter i alt 1235 ord. Jeg har sett på nyordenes ordklasse, i hvilket medium nyordene ble benyttet første gang, språklig opphav, bruksområder, antall nyord pr. år og hvorvidt nyordene finnes i *Bokmålsordboka*. Dessuten foretar jeg enkelte sammenligninger mellom periodene 1977–1994 og 1995–2010.

Nyordene fordelt på ordklasser

Jeg antok at de fleste ordene ville være substantiver eller verb, og jeg ventet ikke å finne nyord i lukkede ordklasser som preposisjoner, adverb osv. Det stemte. Hele 88 prosent av ordene var substantiver. De resterende ordene var noenlunde likelig fordelt på verb og adjektiv. Årsaken til dette er klar: Det

tekste 'sende tekstmelding' (2004), *singling* 'en som er enslig' (2002), eller at det lages verb av substantiver, f.eks. *belte* 'kjøre med beltekjøretøy' (2008), *bånde* 'ta opp på bånd' (1989). Det har også dukket opp en del av hva jeg kaller likestillingsord (*allkvinnemøte*, *kvinnskap* (1978)) og motsetningsord (*dagravn* (2008), *lydlekk* (2003)).

Hvor ble ordet lansert?

Som ventet er avisene en viktig kilde for nyord. Aftenposten, Dagbladet og Dagsavisen dominerer i hele perioden med over 50 prosent av nyordene. Årsaken er at disse avisene har bred dekning av politikk, økonomi og kultur. Mange nyord kommer også fra leserinnlegg, annonser og reklame. En annen årsak til

● «De fleste nyord forsvinner raskt fordi ordene bare er aktuelle i en kortere periode.»

dukker stadig opp behov for å betegne nye gjenstander, produkter, begreper o.l.

De fleste ordene er sammensetninger av kjente norske ord. Helt nye norske substantiver er sjeldne. Det er ellers flere eksempler på at kjente ord får ny mening, f.eks. *være* 'varsle været' (1996),

osloavisenes dominans er sannsynligvis at det er disse avisene de ansatte i Språkrådet leser mest. De øvrige osloavisene og de store regionavisene står for til sammen i underkant av 20 prosent av nyordene. Aviser med hovedvekt på økonomisk og politisk stoff øker sin andel i den siste perioden. Den resterende

delen av nyordene kommer fra tekniske tidsskrifter, lokalaviser, radio og TV.

Språklig opphav

Det var ingen stor overraskelse at ord med norsk opphav utgjør den største andelen av nyordene, nærmere 90 prosent. Ord med engelsk opphav utgjør i hele perioden ca. 10 prosent. De siste årene har andelen økt. Eksempler på engelske nyord er *PIN* (1986), *intranett* (1996), *japp* (1986) og *piercing* (1994). Sannsynligvis sier ikke prosentandelen alt. Det kan virke som om engelske nyord i større grad tas i bruk direkte enn

som brukeren benytter'. Moderne informasjonsteknologi har kommet med mange nyord, men også øvrig teknikk er godt representert. Innenfor IT og ungdomskultur er det ellers svært mange nyord med engelsk opphav. Også området økonomi, politikk og samfunnsliv fikk mange nyord: *frynsetillegg* (1981) 'økonomisk gode utenom lønn', *plastis* (1986) 'en som bruker betalingskort', *rentetak* (1978) 'et fastsatt høyeste rentenivå'. Et betydelig antall nyord kom også innen helse, kultur, religion og utdanning: *immunsvikt* (1983) 'dårlig immunforsvar', *klone* (1978) 'fremskaffe et

«Det tar tid å gjøre nyord kjent, og det tar tid å ta dem i bruk.»

for eksempel fornorskinger av de engelske nyordene og andre norske nyord.

Nyordene fordelt på bruksområder

Store og viktige saker i det norske samfunnet, som den tekniske utviklingen, likestillingsspørsmål, innvandring, økt fokus på økonomiske spørsmål, internasjonalisering og økt interesse for sport, påvirker tilfanget av nyord. Jeg sorterte derfor ordene under de nevnte og enkelte andre kriterier. 20 prosent av nyordene kom innenfor det som kan betegnes som ord til dagligdags bruk: *deppe* (1989) 'bli deprimert', *fleske til* (1986) 'slå til', 'sette i gang', *idédugnad* (1984). Dette siste ordet er et sjeldent eksempel i mitt materiale på at et norsk ord foretrekkes fremfor et etablert engelsk ord (*brainstorming*). Nesten like mange ord kom i kategorien teknikk og IT: *energiverk* (1980), tidligere *elektrisitetsverk*, *maskinsnø* (1981) 'snø lagd av snøkanon', *datavirus* (1987) 'IT-program som ødelegger de programmer

identisk eksemplar', *AIDS* (1983) akronym for *Acquired Immune Deficiency Syndrome*, *flerkino* (1982) 'en stor kino ombygd til flere små kinoer'. Det var færre nyord enn ventet på områdene likestilling, innvandring og sport. Samlet utgjorde denne siste gruppen i underkant av 10 prosent av totalt antall nyord: *husfarvikar* (1978), *innvandreregnskap* (1996) 'økonomisk oversikt over hva innvandringen koster', *skiboks* (1987) 'utstyr til bruk ved frakt av ski med bil', *jaktstart* (1990) 'startprosedyre ved skiøvelser.

Det var forholdsvis stor stabilitet i ordtilfanget innenfor de ulike fordelingskriteriene i de to periodene. En gruppe viste imidlertid relativt stor økning: Teknikk og IT utgjorde 15 prosent av nyordene i 1977–1994, mens den økte til 19 prosent i 1995–2010. Fordelingskriteriene jeg valgte under dette punktet, er subjektive. Jeg synes likevel oppdelingen gir en god pekepinn om hvor nyordene har vært brukt.

Variasjoner i ordtilfanget over tid

Det har vært ganske store variasjoner i ordtilfanget fra år til år. På 1980-tallet kom det mange nyord, men utover på 1990-tallet og etter år 2000 har antallet sunket, selv om det også enkelte år i denne perioden har kommet mange nyord. Jeg vet ikke om disse variasjo-

rådet kåret til årets ord 2010, vil bare kunne brukes i en spesiell situasjon.

Norsk språk har til alle tider vært under utvikling og påvirkning fra mange hold. De siste 10–20 årene har bruken av engelske ord økt. En undersøkelse som nylig ble gjennomført av språkforsker Gisle Andersen ved Nor-

«De fleste ordene er sammensetninger av kjente norske ord. Helt nye norske substantiver er sjeldne.»

nene skyldes tilfeldigheter eller beror på andre forhold, som registreringsrutiner eller andre redaksjonelle forhold i Språkrådet.

Er nyordene offisielt akseptert?

Med dette spørsmålet ønsket jeg å teste i hvilken grad nyordene var tatt opp i offisielt norsk språk i *Bokmålsordboka*. Min hypotese var her at ord fra den første perioden sannsynligvis ville være bedre representert enn ord fra den siste perioden. Det tar tid å gjøre nyord kjent, og det tar tid å ta dem i bruk. Hypotesen stemte. For perioden 1977–1994 fant jeg ut at ca. 10 prosent var med i *Bokmålsordboka*, mens det i den siste perioden bare var 2 prosent. Eksempler på nyord som har kommet inn i *Bokmålsordboka*, er *brunevarer*, *hvitevarer* (1977), *betal-TV* (1983), *overgriper* (1989) og *valgdagsmåling* (1993).

Her må det legges til at *Bokmålsordboka* ikke har vært revidert siden 2005. Det er rimelig å anta at prosentandelene vil øke ved neste revidering.

Hva skjer fremover?

De fleste nyord forsvinner raskt, fordi ordene bare er aktuelle i en kortere periode. Et ord som *askefast*, som Språk-

ges Handelshøyskole, viser at språkbrukerne foretrekker de engelske ordene fremfor de fornorskede versjonene. Mange mener den økende engelske påvirkningen gir grunnlag for bekymring.

Hva skal vi gjøre med dette? Jeg mener vi bør lage helt nye norske ord fremfor å lage fornorskinger av fremmede ord. Et særskilt problem er at det tar for lang tid før vi lanserer de alternative norske ordene. Da har de engelske ordene fått tid til å feste seg. Det er også viktig at de store leverandørene av nyord – norsk presse, radio og TV – tar et større ansvar.

Norsk språk er et sentralt element i norsk identitet. Vi må derfor sørge for at norsk overlever. Jeg tror det kan skje selv om vi samtidig er åpne for impulser utenfra.

.....

Anette Karine Haare Arctander er avgangselev ved Drammen videregående skole i 2011.

Finisj eller finish? – Norvagisering femten år etter normeringsvedtaket

■ GISLE ANDERSEN

Språkrådets forslag til norvagisering av engelske ord vekker stadig interesse blant medier og språkbrukere. Hvordan har det gått med ordene som det ble vedtatt å norvagisere i 1996? Ny forskning viser hvilke norvagiseringer avisene bruker.

Da Språkrådet vedtok at det skulle være lov å skrive *sjåk* i stedet for *choke*, *fait* i stedet for *fight* og *skvåsj* i stedet for *squash*, vekket dette betydelig oppsikt. Halvannet tiår etter normeringsvedtaket kan det være interessant å finne ut i hvilken grad de norvagiserte formene er tatt i bruk. I et pågående forskningsprosjekt har jeg undersøkt bruken av ordene fra 1996-reformen i et stort tekstkorpus som består av avismateriale.

Målet med arbeidet er å undersøke hvilke former som er i bruk i norsk, og om det er mulig å utlede noen suksesskriterier for norvagisering. Hva kjenneretegner ord som blir norvagisert, sammenliknet med dem som ikke blir det? Normeringsarbeid kan etter min mening dra stor nytte av en korpusbasert tilnærming, og i det følgende vil jeg gjøre rede for metoden jeg har brukt, og de viktigste funnene.

I sin detaljerte utredning *Lånte fjører eller bunad?* (1997) om forholdet mellom uttale og skrivemåte for importord i norsk skiller Helge Sandøy mellom to typer importord: lånord, som er tilpasset norsk lydverk, og fremmedord, som beholder sin opprinnelige form. Når et fremmedord blir tilpasset til norsk slik

at det blir et lånord, kalles det norvagisering. Tilpassingen kan gjelde skrivemåten eller uttalen. Hvis man for eksempel uttaler ordet *truck* som /trøk/, er det fonologisk tilpasset, mens hvis man skriver ordet *trøkk*, er det også ortografisk tilpasset fordi det ikke inneholder fremmede grafem eller grafemkombinasjoner. Det er kun den siste tilpassingsformen jeg har undersøkt i dette arbeidet.

Materiale og metode

Hva skal til for at en norvagisert form får gjennomslag? For å undersøke dette har jeg gått gjennom alle de norvagiseringene som ble godkjent i 1996, og søkt på aktuelle former i Norsk aviskorpus, et stort materiale som består av tekster som lastes ned daglig fra norske avisers nettutgaver (jf. min artikkel *Engelske importord i norsk* i Språknytt nr. 3, 2006). Det omfatter i dag rundt 885 millioner ord (nynorsk og bokmål). Til denne undersøkelsen har jeg brukt det nye søkesystemet Corpuscle, som er utviklet av forskningsselskapet Uni Digital. Systemet er både fleksibelt og raskt og gjør det mulig å søke på alle ordenes bøyningsformer og avledninger i ett søk.

Det var behov for en del manuelt arbeid for å sørge for at kun relevante forekomster ble tatt med i undersøkelsen. Jeg fjernet bruk av ordene i andre betydninger enn importordet. For ordparet *kick/kikk*, for eksempel, er ikke forekomster av *kikk* i betydningen 'titt' relevante.

ordpar, deriblant *hedde/heade*, *gaid(e)/guide*, *fait(e)/fight* og *sørvis/service*. Blant ordene som er noe oftere norvagsisert (mellom 5 og 36 prosent av forekomstene), finner vi i alt sju ordpar, slik som *sjampanje/champagne*, *skup/scoop*, *ketsjup/ketchup* og *pønk(ar/er)/punk(ar/er)*.



«Den viktigste observasjonen er at norvagsisering tar tid. Halvannet tiår etter reformen er det svært få suksesshistorier.»

Visse kontekster er irrelevante for variasjon fordi én av formene er utelukket av konteksten, noe som gjelder blant annet i engelskspråklige sitater. Jeg utelot også forekomster hvor selve ordet nevnes, slik som «Norsk språkråd bestemte at det er lov å skrive blant annet 'gaid', 'polisj' og 'sørvis'», fordi jeg ikke anser denne metaspråklige bruken som belegg for at formene faktisk forekommer i skriftspråket. Til sist regnet jeg ut forholdet mellom norvagsiserte og ikke-norvagsiserte forekomster av hvert ordpar.

Grad av norvagsisering av ordparene

I alt ble 36 ordpar undersøkt. Jeg fant ca. 265 000 forekomster av ordene. Av disse var knapt 20 000, altså om lag 7,5 prosent, norvagsiserte former.

Det viser seg imidlertid også at det er store forskjeller på graden av norvagsisering for de ulike ordparene. En del ord er aldri norvagsisert (*keitering/catering*, *overhedd/overhead* og *sjåk/choke*), mens ordene *breikdans/breakdance*, *polisj/polish* og *sjarter/charter* forekommer med norvagsisert form én gang hver, men da kun i metaspråklig bruk i avisomtale av selve reformen. En rekke ord er norvagsisert i mindre enn 5 prosent av tilfellene. Det gjelder i alt 15

Fem av ordparene er norvagsisert i et flertall av tilfellene. Dette gjelder *rapp(e)/rap*, *innsider(ar)/insider*, *pins/pin*, *klinsj(e)/clinch* og *streit(e)/straight*, som alle er norvagsisert i minst 70 prosent av tilfellene.

Hva kan så leses ut av disse tallene? Den viktigste observasjonen er at norvagsisering tar tid. Halvannet tiår etter reformen er det svært få suksesshistorier. De fleste språkbrukerne er restriktive med å ta i bruk foreslåtte norvagsiserte former, og formene trenger lengre tid for å få fotfeste. For øvrig utgjør en del lavfrekvente norvagsiseringer metaspråklig bruk, og de er derfor ikke direkte relevante. En annen interessant observasjon er at ordene danner to klare grupper, de som sjelden eller aldri er norvagsisert, og de som ofte er det. For ingen av ordparene er det en jevn fordeling av norvagsiserte eller ikke-norvagsiserte former.

Faktorer som påvirker norvagsisering

For å få et korrekt bilde av hvordan norvagsisering foregår, er det viktig å undersøke enkeltordene i detalj ved å studere enkeltforekomster og mulige faktorer som kan se ut til å påvirke variasjonen mellom norvagsisert og ikke-norvagsisert form. En viktig observasjon som ikke

fremgår ovenfor, er at konteksten et ord forekommer i, ser ut til å ha en avgjørende påvirkning på variasjonen. For eksempel er det en tendens til at en engelskspråklig kontekst fordrer engelsk ortografi. Dette gjelder først og fremst importerte sammensetninger eller fraser som *straight flush* og *straight forward*.

Når importordene er en del av sammensetninger med andre norske ledd, er det derimot større sannsynlighet for en norvagisert form enn ellers. Jeg fant så mange som 67 distinkte former med *-streit* som sammensetningsledd, deri-

kan blokkere for norvagisering. Ut fra de eksemplene jeg har undersøkt, ser det ut til at språkbrukere reserverer formen *kikk(e)* til det opprinnelig norske verbet, som i *å kikke på noe*, mens engelsk ortografi brukes for *å kicke på noe* ('å kritisere noe').

Hvis den engelske formen konkurrerer med en eksisterende homograf i norsk, kan det stimulere til norvagisering. Dette er ikke direkte observerbart i funnene fra 1996-reformen, men viser seg i adjektivet *døll/dull*, som er et forholdsvis nytt importord i norsk. Ordet

«Blant ofte norvagiserte ord finner vi *sjampanje/champagne*, *skup/scoop*, *ketsjup/ketchup* og *ponk(ar/er)/punk(ar/er)*.»

blant *halvstreit*, *liksom-streit*, *ikke-streit* og *konfirmant-streite*, mens formen *straight* synes klart mindre produktiv som sammensetningsledd. En liknende tendens kan observeres når det gjelder avledninger og bøyingsformer. Den ikke-norvagiserte formen forekommer sjelden i bestemt form eller flertall (*straighte*) og aldri ved gradbøying, og kun den norvagiserte formen av *streiting* forekommer i materialet. Med andre ord kan det synes som om morfologi har en betydelig effekt på valg av form.

Men den kanskje viktigste faktoren er hvorvidt det fra før finnes norske ord med annen betydning som blokkerer for, eller stimulerer til, norvagisering. I ordpar som *kikk/kick*, *feide/fade* og *fait/fight* er de norvagiserte formene i konkurranse med eksisterende homografer, jf. *kikk* 'titt', *feide* 'strid' og *fait* som i *fait accompli*. På grunn av den lave norvagiseringsgraden for disse formene kan det se ut til at eksisterende homografer

er så å si alltid norvagisert i aviskorpuset (til tross for at det ennå ikke er normert av Språkrådet). Formen *dølle* er kategorisk brukt i bestemt form og i flertall av dette adjektivet. Formen *dulle* forekommer 73 ganger, men kun som verb i betydningen 'vise overdrevet omsorg for'. Det kan dermed se ut til at språkbrukerne drar nytte av ortografi som et virkemiddel for å klargjøre betydningen av potensielle homografer som følge av norvagisering.

Det kreves imidlertid en mer omfattende kvalitativ og kvantitativ analyse av disse og andre faktorer for å få et klarere bilde av hva som er mulige suksesskriterier for norvagisering.

.....

Gisle Andersen er førsteamanuensis i engelsk ved Norges handelshøgskole. Han forsker på engelskens påvirkning på norsk fagspråk og allmennspråk.

NS-ISO 704 – terminologi-standarisering på norsk

■ JOHAN MYKING

Terminologistandarden *NS-ISO 704 Terminologiarbeid. Prinsipp og metodar* er ei norsk utgåve av den tilsvarande standarden frå den internasjonale standardiseringsorganisasjonen ISO. Utgjevinga er ei storhending både fagleg og språkpolitisk.

Når gjengedimensjonar, krav til materialkvalitet og handsaming av giftstoff skal gjerast einskaplege på tvers av språk- og statsgrenser, er det både nyttig og nødvendig å ha eit einskapleg språk som verktøy. Det er såleis nære historiske og faglege band mellom standardisering og terminologi. ISO har ein eigen teknisk fagkomité for terminologi og språkressursar, den såkalla ISO/TC 37, og det er den som står bak serien av terminologistandardar. Standard Norge er den norske medlemsorganisasjonen i ISO.

Eit komplett norsk metaspråk

NS-ISO 704 byggjer på nyare teoretisk forskning og metodeutvikling. Grunnlaget er i stor grad språkvitskapleg, og terminologiarbeid både gjev og krev sjølvstøtt ei viss trening i språkvitskapleg tankegang. Standarden er likevel tydeleg, utførleg og grafisk tiltalende i forklaringane, og tankegangen bak det å klassifisera og ordna er felles for alle fag. Brukarar som manglar høghskuleutdanning i språk, treng derfor ikkje å la seg skræma av det språkvitskaplege grunnlaget. Skilnaden mellom storleikane referenten (tingen), omgrepet (tanken) og termen (ordet) er tydeleg

forklart. Det vert gjeve eit utførleg oversyn over omgrep, omgrepsrelasjonar og omgrepssystem, av definisjonar og definisjonsutforming. Korleis ein formar ut og tilordnar uttrykk, altså sjølve fagtermene, er likeins grundig handsama. Dei ulike og til dels motstridande krava til gode faguttrykk er felles for alle som arbeider med lånord og avløyssarord, derfor er standardisering også kulturarbeid.

Standardisering på nynorsk

Standard Norge, som står bak den norske utgåva av ISO 704, er i dag inne i ein aktiv periode og har ei sentral rolle som norsk terminologisk aktør, sjå t.d. artikkel i Språknytt nr. 3, 2010. Organisasjonen samarbeider tett med Språkrådet på dette fagfeltet. Det ligg ein viktig språkpolitisk signaleffekt i at organisasjonen no gjev ut NS-ISO 704 på ein stø og moderne midtlinjenynorsk. Tidlegare har Språkrådet gjeve ut den vesle handboka *Termlosen*, som òg opphavleg er ein ISO-publikasjon. Dette heftet er tospråkleg bokmål–nynorsk, men fullt ut einskapleg med NS-ISO 704. Norske terminologiinteresserte har dermed fått eit fylldig og oppdatert referansmateriale på norsk.

.....

Johan Myking er professor ved Universitetet i Bergen og har vore leiar for fagrådet for terminologi og fagspråk i Språkrådet.



Veksling mellom norsk og svensk i Skavlan

■ SILJE MARIE FEMTEGJELD

Ei undersøking av språket programleiaren Fredrik Skavlan nyttar, peiker i retning av at intervjuar han gjer, føregår på bakgrunn av eit stereotypisk bilete av gjestene. Gjer dette han til ein mannssjåvinist?

Den norsk-svenske samsendinga *Skavlan* er eit velkjent og velrenommert talkshow på begge sider av grensa, men vart våren 2010 utsett for sterk kritikk frå fleire hald. Kritiske røyster hevda at programleiar Fredrik Skavlan opptredde mannssjåvinistisk og nedlatande, særleg overfor dei kvinnelege gjestene. Den svenske TV-profilen Carolina Gynning, som gjesta programmet i januar i fjor, sa blant anna: «Han ställde frågor

på ett sätt som kändes lite nedvärderande. Han hade redan en åsikt om mig.» Skavlan på si side presiserte at han la vinn på å behandle alle gjestene sine med same respekt. Ved nærare ettersyn finn ein likevel tendensar som peiker i retning av at skuldningane har rot i røynda.

Interessant språkleg modifisering

Frå eit lingvistisk perspektiv gjer programmet det mogleg å sjå nærare på

interskandinavisk kommunikasjon i ein røyndomsnær kontekst. Det er særleg kommunikasjonen mellom programleiaren og dei svenske gjestene som er interessant frå ein nordisk ståstad.

Ettersom Skavlan er norsk og fleire av gjestene svenske, ser dei fleste det som sjølvsagt at han til tider bruker svenske ord og uttrykk. Reint intuitivt kan ein tolke dette som ein vennleg gest frå programleiaren si side, der han tilpassar språket sitt for å gjere det lettare

«Frå eit lingvistisk perspektiv gjer programmet det mogleg å sjå nærare på interskandinavisk kommunikasjon i ein røyndomsnær kontekst.»

for gjestene å forstå det som blir sagt. Slike språklege modifieringar i mellommenneskeleg kommunikasjon er med ein fagterm kjent som akkommodasjon og er noko alle gjer i større eller mindre grad.

Den akkommodasjonsstrategien som Skavlan nyttar, å endre ord og uttrykk i sitt eige språk ved å veksle språk, såkalla kodeveksling, er ein vanleg strategi særleg nordmenn, men òg svenskar, bruker når dei kommuniserer med folk frå nabolandet.

Ein gjennomgang av dei to første programma som vart sende i 2010, viser likevel noko interessant – at graden av veksling varierer med dei svenske gjestene han snakkar med. Enda meir inter-

essant blir det når ein finn at vekslinga i høg grad samsvarar med sosioøkonomiske og demografiske forhold som yrke, alder og kjønn. Dette indikerer at det òg ligg andre grunnar bak denne kodevekslinga enn det å gjere seg forstått.

Liten grad av veksling

Det er naturleg å starte med å sjå på i kva grad Skavlan gjer ei slik språkleg tilpassing ved å nytte svenske ord. Vekslingsgraden i kvart av dei to programma syner at Skavlan byter ut 23 av 1889 ord i det første programmet (15. januar) og 25 av 1798 i det andre programmet (22. januar). Då er ikkje engelske ord teke med. Det vil seie at høvesvis 1,2 og 1,4 % av alle orda Skavlan nyttar i desse to programma, er svenske. Det er eit oppsiktsekkjande lågt tal. Eg hadde ei førestelling om at Skavlan bytte ut langt fleire ord enn det han gjorde. Det heng truleg saman med at slik veksling frå norsk til svensk er uvanleg i media, og at ein difor har lett for å tolke den språklege tilpassinga som meir omfattande enn det ho eigentleg er. Men det



at Skavlan vekslar lite, gjer ikkje vekslinga hans mindre interessant. Snarare kan ein då kanskje gå ut frå at det er naudsynt å byte ut dei orda han vekslar, for at gjestene skal forstå kva han seier. For å finne svar på det må vi sjå på den vekslinga han gjer i samtale med kvar einskild gjest.

Skilnader i vekslingsgrad

Ser ein på graden av kodeveksling, finn ein relativt store skilnader. I det første programmet var den svenske glamourmodellen og TV-kjendisen Carolina Gynning gjest. Det var òg advokaten og forfattaren Jens Lapidus. Medan 3,4 % av dei orda Skavlan nyttar i intervjuet med Gynning, er svenske, vekslar han 2,1 % av orda til Lapidus. Verkeleg interessant blir det likevel først når ein samanliknar med det andre program-



«Det er nærliggjande å tru at Skavlan vel å nytte fleire svenske ord i samtale med somme av gjestene sine enn med andre, nett på grunn av at dei ikkje forstår.»

met. Her finn ein at Skavlan vekslar høvesvis 1,8 og 2,9 % til skodespelarane Robert Gustafsson og Maria Lundquist. Når Skavlan snakkar med den tidlegare direktøren i Svenskt Näringsliv, Ebba Lindsö, som gjesta same program, er berre 1,5 % av dei orda han nyttar, svenske. Kva kan forklare desse skilnadene?

Manglande forståing?

Det er nærliggjande å tru at Skavlan vel å nytte fleire svenske ord i samtale med somme av gjestene sine enn med andre, nett på grunn av at dei ikkje forstår. Den manglande forståinga kan gje seg utslag i at lyttaren gjev ei klår melding om at han ikkje forstår talaren, at det i neste omgang viser seg at han har misforstått, eller at han ved ikkje-språklege

teikn (som å ta pause før han sjølv tek ordet, eller ved å lene seg fram) indikerer at han ikkje forstår. I materialet er det likevel få teikn blant gjestene på at dei ikkje forstår. Ein kan sjølv sagt likevel ikkje konkludere med at dei forstår alt som Skavlan seier. Ein observatør må ta høgd for at han ser alt utanfrå, og at han då ikkje får med seg alt som skjer. Samstundes må ein rekne med at programma er redigert, og at nokre sekvensar er klipt bort. Det er likevel mykje som tyder på at mesteparten av den språklege tilpassinga skjer på Skavlans eige initiativ, og at han meir eller mindre bevisst har valt ein strategi der han endrar dei norske orda han sjølv oppfattar som vanskelege å forstå for gjesten. Ser ein nærare på dei orda Skavlan vekslar, undrar ein seg likevel over kvifor han i desse tilfella vel å nytte svenske

ord og ikkje dei tilsvarande norske. Dei norske variantane av orda *öppen*, *tretti*, *polisen*, *nån* og *djur* skulle vel ikkje by på noko særleg problem for dei fleste svenskar? Så kvifor vel han då likevel å endre blant anna desse orda i samtale med dei svenske gjestene?

Sosioøkonomisk status og kjønn

Den svenske forskaren Ulla Börestam Uhlmann hevdar i doktoravhandlinga si frå 1994 om strategiar i skandinaviske samtalar at språkleg tilpassing kan skje etter eit stereotypisk og ofte negativt bilete av samtalepartnaren. Dette fører i sin tur til at ein forenkler språket sitt. Som nemnt innleiingsvis, finn ein at vekslinga i høg grad samsvarar med yrke og statusen til dei ulike yrka.

I det første programmet ser vi at Skavlan kodevekslar meir i samtale med Carolina Gynning enn med Jens Lapidus. Han er eldre og har eit høgstatusyrke. Også i det andre programmet kjem eit liknande mønster til syne. Her vekslar Skavlan mest i intervju med skodespelar

For å forsvare Skavlan litt: Alle tilpassar seg språkleg til den ein snakkar med. Eit nærliggjande døme på dette er barnetilpassa tale, altså den tilpassingsstrategien ein nyttar når ein som vaksen samtalar med eit barn. Frå den vaksne si side ber slike samtalar preg av at ein

«Ulla Börestam Uhlmann hevdar at språkleg tilpassing kan skje på bakgrunn av eit stereotypisk og ofte negativt bilete av samtalepartnaren.»

Maria Lundqvist og minst i samtale med den tidlegare direktøren Ebba Lindsö. Samanliknar ein dei to programma, oppdagar ein at Skavlan vekslar meir enn dobbelt så mykje i intervjuet med Gynning som i intervjuet med Lindsö.

Meir intrikat blir det om ein skal forklare kvifor ein finn skilnader i vekslingsgraden i samtalene med Robert Gustafsson og Maria Lundqvist. Dei er begge kjende svenske skodespelarar, og dei er like gamle. Her er det difor nærliggjande å tenkje at kjønn spelar inn.

Meiningsberande språkval

Desse resultatata er i tråd med tidlegare forskning, der ein har vist at det ikkje er uvanleg at talaren ofte gjer slike språklege tilpassingar overfor lyttaren på bakgrunn av stereotypiar. Ut frå ei forventning om at den ein snakkar med, ikkje utan vidare forstår det ein seier, forenkler ein altså språket sitt. I den vekslinga som Skavlan gjer, kan ein finne indikasjonar på ein hypotese om at jo lågare sosioøkonomisk status svenskane har, jo mindre norsk forstår dei. I andre rekkje kan skilnader i vekslingsgraden indikere at Skavlan har ein tilsvarende hypotese om at svenske kvinner forstår mindre norsk enn svenske menn.

snakkar seinare og tydlegare, og at ein legg trykk på og gjentek viktige ord. Vidare endrar ein ord ein sjølv held for å vere vanskelege. Talaren tilpasser altså språket sitt i den grad han trur at det er naudsynt for at lyttaren skal forstå.

Det gjer det likevel ikkje mindre interessant at Skavlan meiner han må modifisere språket sitt meir for at dei kvinnelege gjestene skal forstå kva han seier, og i intervjuet finn ein fleire trekk som minner om barnetilpassa tale.

Ein kan sjølvstakt ikkje på bakgrunn av desse resultatata slå fast at Skavlan er ein mannsjåvinist. Til det er materialet for sparsamt. Likevel kan ein gje Carolina Gynning medhald i hennar utsegn. Gjennom det språket Skavlan bruker, finn ein indikasjonar på at han på førehand hadde gjort seg opp ei mening om ho, og truleg også om fleire av gjestene sine.

.....

Silje Marie Femteggeld underviser ved Halden videregående skole. Våren 2010 tok ho den lingvistiske delen av mellomfagstillegget i norsk ved Høgskolen i Østfold og gjorde ei undersøking av Skavlan.

OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet.

Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal være i bruk i alle deler av samfunnslivet også i framtiden – og ikke bli tilsidesatt av engelsk.

Vi vil gi det offentlige, næringslivet og folk flest tro på at norsk språk duger, og arbeider for å øke kunnskapen om norsk språk.

Dette gjør Språkrådet for å styrke det norske språkets stilling:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonene våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året.
- Vi arrangerer konferansen *Språkdagen* hvert år for å skape debatt om aktuelle utfordringer for norsk språk.
- Vi har en språktjeneste for statsorganer som gir råd til statsansatte om hvordan de kan skrive klart og godt.
- Vi har en terminologitjeneste som samordner utvikling og tilgjengeliggjøring av norsk terminologi og fremmer norsk fagspråk.
- Vi gir diplom til næringsdrivende som har gitt virksomheten et godt, kreativt norsk navn.
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skolen.
- Vi fører tilsyn med at alle statsorganer følger kravene til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi gir råd om hvordan stedsnavn skal skrives på kart og veiskilt.
- Vi samarbeider med offentlige og private institusjoner om tiltak som styrker bruken av norsk.
- Vi forvalter rettskrivningen i nynorsk og bokmål og følger med på hvordan språket utvikler seg.

Direktøren i Språkrådet er leder for 30 ansatte. Styret i Språkrådet er utnevnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkyndige og språkengasjerte personer fra hele samfunnet. Fagrådene gir innspill og råd om saker på sine fagfelter.

www.sprakradet.no
www.spraakradet.no

SPRÅKRÅDET
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLIG REDAKTØR:
Sigfrid Tvitekkja

INFORMASJONSSJEF:
Svein Arne Orvik

REDAKTØR:
Åsta Norheim
asta.norheim@sprakradet.no

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artikler fra
eksterne skribenter står
for forfatterens syn.

Ettertrykk tillatt når kilden
er oppgitt.

OPPLAG: 11 500
Tekstene i dette nummeret
fins også på Internett:
www.sprakradet.no
www.spraakradet.no

Fire nummer i året
Redaksjonen avsluttet
04.02.2011


LAYOUT: Marit Heggenhougen
www.cmykdesign.no
TRYKK: 07 Aurskog

ISSN 0333-3825

OMSLAGSBILDE:
© *Brendan Regan / Corbis / Scanpix*

B

NORGE/NOREG




P. P.

HISTORIA BAK

ÉI ELV I SIBIR, FEM I PAKISTAN

Elva i Sibir heiter Ob. Namnet skal vera av gammaliransk opphav og tyda berre 'elv'. På persisk tyder *ob* 'vatn', og utan vatn inga elv. Sitt ord for 'vatn' skriv franskmennene *eau*, men dei seier *å*. *Det* seier me òg, for *å* er eit anna ord for 'elv'. Langt attende i tida har *eau* og *å* same opphav:



Fem heiter *pandsj* på persisk, og *pandsj* + *ob* skulle da tyda 'fem elvar'. *Pandsj ob* liknar mykje på *Punjab*, som er ein viktig provins i Pakistan. Provinsnamnet kjem av at det er fem store elvar der. Namnet på den største elva er *Sindh*, som berre tyder 'elv', det også. Denne elva har gitt namn til provinsen *Sindh* i Pakistan og til landet *India*, som tidlegare nok heitte *Sindi* eller *Hind*. Me kallar elva *Indus*. Indarane i dag kallar landet sitt *Bharat*, som er eit heilt anna ord.

Aleksander den store (356–323 f.Kr.) drog med hæren sin gjennom Mesopotamia (*Μεσοποταμία*) på vegen til Punjab. Då grekarane kom dit, fekk dei heilt sikkert vita kva namnet *Punjab* tydde, for dei omsette det til sitt mål med *Pentapotamia* (*Πενταποταμία*). *Pandsj* ('fem') heitte *pénte* på gresk. Likskapen mellom *pandsj* og *pénte* kjem av eit sams opphav i det indo-europeiske grunnspråket kan henda vel 2500 år før Aleksander.

Etterleden *-potamia* (*-ποταμία*) er avleidd av gresk *potamós* (*ποταμός*), som tyder 'elv'. *Meso-* (*μεσο-*) kjem av gresk *mésos* (*μέσος*), som tyder 'mellom'. *Mesopotamia* tyder altså berre 'elvimelom'. *Åmellom* og *Åimellom* er gardsnamn i Noreg.

Svein Nestor, cand.philol.

.....

RETURADRESSE:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

ISSN 0333-3825